

Godt nabo-samarbeid: To avkøyrsler blir til ein

12.05.2007



Blir desse to avkøyrslene til ein? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Hvis høgare styresmakter går med på det, vil to avkøyrsler frå riksvegen som ligg ved sida av kvarandre i sentrum av Uskedalen bli til ein. Det vil i så fall vera eit resultat av godt nabo-samarbeid

Det er fire naboar som nyttar dei to parallelle innkøyringane i dag:

- Tor Eik i Uskedalsveien 553, grunneigar til nordre innkøyring.
- Leon Gundersen i Uskedalsveien 561, grunneigar til søre innkøyring
- Åshild Sjøwall i Uskedalsveien 557. har vegrett til søre innkøyring.
- Johannes Hjørnevang i Uskedalsveien 555, har vegrett til søre innkøyring

Dei fire ynskjer å stengja søre innkøyring slik at alle fire kan nytta den nordre.

Eik vil då gje dei tre andre vegrett over sin grunn. Grunn for søre innkøyring/veg er planlagt seld frå Gundersen til Sjøwall.

Det renn i dag ein bekk mellom dei to vegane og den ynskjer dei fire å få lagt i røyr ned til vegvesenet sine kummer der bekken endar i dag.